



Sakshandsamar:

Hallgeir Hansen

E-post: Hallgeir.Hansen@sfj.no

Tlf.:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/direktør for Plan og samfunn Svein Arne Skuggen Hoff
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.

Sak nr.: 15/5427-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

25479/15

Dykkar ref.

Dato

SANDANE, 03.07.2015

Søknad om økonomisk støtte til prosjekt "Grøn skule" i Gloppen

Med dette søker vi Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr 200.000 til prosjekt «Grøn skule» i Gloppen over to år fra 2015 til 2017. Prosjektet skal bidra til å utvikle eit nytt fag i klima og miljø i den norske skulen og auke den grøne konkurransekrafta i Sogn og Fjordane.

Bakgrunn

Firda vgs og Gloppen kommune har sett i gang eit toårig prosjekt som er kalla «Grøn skule» i Gloppen. Prosjektet skal ta det grøne skiftet inn i skulen og gjere Gloppen til ein pionerkommune i utvikling av eit nytt fellesfag i klima og miljø. Målet er å nøste opp «ein grøn tråd» frå barnehagen til vidaregåande skule. Firda skal utvikle og tilby eit nytt programfag i klima og miljø frå hausten 2016 med fornybar energi som sentralt element. Firda skal også vere motor i prosjektet mellom anna ved å tilby «forskarskulen» på Newtonrommet på skulen. Grunnskulen i Gloppen skal i særleg grad ta i bruk «uteklasserommet» for å gje elevane innsikt, kunnskap og haldningar i kretsløp og berekraft i naturen.

Nyskapande

Prosjektet er omfattande og nyskapande og vil setje Gloppen og Sogn og Fjordane på kartet. Målet er først og fremst å tilby komande generasjonar kunnskap om klimatilpassing og overgang til fornybarsamfunnet. Ved å spele på lag med lokalt næringsliv, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitetet i Bergen (Bjerke Nessenteret) Cicero og Bremuseet i Fjærland, kan prosjektet også bli ein kime til vekst og nyskaping i Gloppen og fylket. Gloppen er storprodusent av vasskraft og mat, har skular med resultat i landstoppen og store naturområde med sterke klimaindikatorar som breen. Kommunen er med andre ord godt eigna til å ta ei slik utviklarrolle og forsterke den grøne konkurransekrafta i Sogn og Fjordane.

Prosjektorganisert

Rektor Hallgeir Hansen ved Firda vgs og oppvekstsjef Olav Fure i Gloppen eig prosjektet som er forankra i Opplæringsutvalet i fylkeskommunen og Oppvekstutvalet i Gloppen kommune. Prosjektet er organisert, prosjektplan, budsjett og finansieringsplan er utarbeidd. (Sjå vedlegg) Kvar skule, som er med i prosjektet lagar handlingsplanar som blir sett i verk frå hausten 2015 til hausten 2017 (Døme: vedlegg 3 frå Nordstranda skule). Prosjektet skal presenterast for Utanningsdirektoratet, Miljødirektoratet og sentrale politiske miljø. Erfaringane skal dokumenterast og presenterast i ein offentleg tilgjengeleg rapport.



Budsjettet for prosjekt «Grøn skule» i Gloppen» er på 1,5 millionar kroner over to år mellom anna til løn til prosjektleiing, aktivitetar og ein del utstyr til skulane. Det blir lagt opp til ekstern finansiering frå partnarar som blir knytt til prosjektet med samarbeidsavtalar. Men dette søker vi Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr 200.000 i støtte til prosjektet over to år.

Beste helsing

Hallgeir Hansen
rektor Firda vgs

Olav Fure
oppvekstsjef Gloppen kommune

Vedlegg:

- 1) Plattform for prosjekt «Grøn skule» i Gloppen
- 2) Samandrag av prosjektplan
- 3) Aktivitetsplan frå Nordstranda skule
- 4) Budsjett og finansieringsplan

Kopi til:

Direktør for opplæring Bekka Skaasheim